



Saksprotokoll Luster kommunestyre, 18.06.15:

47/15

Søknad om løyve til å byggje Rydøla Kraftverk

Handsaming:

Saka vart trekt ut frå sak 34, og vart handsama som eiga sak, på grunn av ugildskap.

Anette Stegegjerdet Norberg, Odd Atle Stegegjerdet og Nelly Torunn Øygard gjekk frå som ugilde etter forvaltningslova § 6. fyrste ledd, nær slektskap til grunneigar i prosjektet.

Anne Britt Kjærvik (Ap) og Per Birger Lomheim (Sp) kom til som varamedlemer.

Jon Ove Lomheim fremja mindretalsframlegget frå formannskapet:

1. Luster kommunestyre rår ifrå at det vert gjeve konsesjon for bygging av Rydøla Kraftverk.
2. For nærare grunngjeving av tilrådinga, vert det synt til rådmannen si saksutgreiing.

Geir Arve Sandvik la fram endringsframlegg i formannskapet si tilråding; (utvida periode for minstevassføring.)

Luster kommunestyre rår til at det vert gjeve konsesjon for bygging av Rydøla Kraftverk som omsøkt, med utviding av sommar minstevassføring frå 15.mai til 15. september.

Formannskapet sitt framlegg med endringsframlegg frå Sandvik vart vedteke med 17 mot 7 røyster.

Mindretalet røysta for framlegget frå Lomheim.

Vedtak:

Luster kommunestyre rår til at det vert gjeve konsesjon for bygging av Rydøla Kraftverk som omsøkt, med utviding av sommar minstevassføring frå 15.mai til 15. september.